



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As  
Hagellia 6  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5849 - 22/94069

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
09.12.2022

## **Vedkomande supplerande dokumentasjon - gbnr 188/384, 188/416 og 188/421 Gjervik ytre**

Vi viser til vårt brev av 22.09.2022 om manglar i saka, supplerande dokumentasjon mottatt 31.10.2022 og telefonsamtale om saka. Vi har følgjande merknadar til mottatt dokumentasjon:

- Parkeringsdekninga skal reknast ut med bakgrunn i bygget sitt bruksareal, ikkje buareal slik det går fram av mottatt parkeringsrekneskap. Ope overbygd areal skal ikkje takast med, heller ikkje areal under bakken. Det må sendast inn nytt parkeringsrekneskap som viser at krava i føresegn 3.1.9 er oppfylt, og oppdaterte teikningar i den grad det er nødvendig.
- Det går fram av arealrekneskapen for uteopphaldsareal at det er buareal som er lagt til grunn. Det er vår vurdering av det er bygget sitt bruksareal som må leggjast til grunn for uteopphaldsarealet på same måte som for parkeringskravet.

Ut i frå dei opplysningar som er kjend ser det ut for oss som at det er tilstrekkeleg uteopphaldsareal. Det bør likevel sendast inn ny dokumentasjon til kommunen på at kravet er oppfylt, seinast ved søknad om igangsetjingsløyve.

- I den grad forhold som nemnd over vil medføra endringar i tiltaket må det sendast inn oppdaterte teikningar før det vert gitt rammeløyve. Oppdatering i forhold til rombruk og storleik må seinast liggja føre ved innsending av igangsetjingsløyve.

Frist for innsending av tilleggsdokumentasjon vert sett til 10.01.2023.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Orion Prosjekt As

Postboks 449 Nesttun

5853

BERGEN

**Mottakarar:**

Arkitektkontoret Børtveit &amp; Carlsen As

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ